



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Per Steinar Nedkvitne / 16/123968-2 16.08.2016
90882572

Førebels svar på søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslle til ny bustad – Fv. 49 – gnr. 8 bnr. 26 – Kvinnherad kommune

Viser til søknad frå O Jacobsen Trelast AS, motteke 12.08.2016.

Før vi handsamar søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel, er det nokre spørsmål vi ynskjer svar på.

- I samband med søknad om frådelling av 2 bustadtomter i 1985, vart det m.a. stilt krav frå Kvinnherad bygningsråd, til heimelshavar av gnr. 8 bnr. 5, at eksisterande avkøyrslle skulle stengjast fysisk før oppmåling av tomtene vart halde og var i orden og godkjend.



Innstilling:

Kvinnherad Bygningsråd tilirar frådellinga på fylgjande vilkår:

- at fylkeslandbruksstyret godkjenner frådellinga.
- at tomten får tinglyst vegrett.
- at Hordaland Vegkontor godkjenner søknad om opparbeiding av felles avkøyrslle til 0/5. Bygningsrådet tilirar avkøyrslle på vilkår av at avkøyrslle blir opparbeidet slik vegkontoret krev. Eksisterande avkøyrslle må stengjast.
- at kloakken blir ført via 3 kamra slamavskillar dim. på slamavskiller etter forskriftene og ut på min. 10 m djupne i sjøen gjennom tett leiding.
- at det blir søkt Ølve og Hatlestrand vassverk om tilknytning til vassverket. Kopi av avtale med vassverket må sendast bygningsrådet.

Oppmåling av tomtene blir ikkje halde før pkt. 1,2,3 og 5 er i orden og godkjend.

Samrøystes vedtak:
Innstilling godkjend

Statens vegvesen kan ikkje sjå at dette har vorte gjort. Kommunen har såleis ikkje oppfølgt sine krav overfor heimelshavar av gnr. 8 bnr 5.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

- Vi kan heller ikkje sjå at Statens vegvesen har gjeve førehandstilsegn for ny avkjørsle, men gjeve tilbakemelding på ein førespurnad om denne avkjørsla. Vi kan heller ikkje sjå at det er gjeve løyve til den nye avkjørsla.

Dykkar ref.

Vår ref.
9359/85
SMN/WFArk nr.
775-B

Dato

130

SØKNAD FRÅ IVAR SVEINUNG DALE OG RUNE DALE OM OPPARBEIDING AV FELLES AVKJØRSLE TIL FV. 120 VED DALESJØEN I KVINNHERAD KOMMUNE


Vi viser til søknaden Dykkar om ny avkjørsle til Fv. 120, som vi har fått oversendt frå Kvinnherad kommune, motteke her 21.11.85.

Vegkontoret kan ikkje gje løyve til eit aukå antal avkjørsle på denne staden. Men dersom den gamle avkjørsla med løebru vert stengt, og adskilt frå fylkesvegen med rekkverk eller anna som hindrar ferdsel mellom løebru og fylkesveg, så kan førehan tilsagn påreknast.

Vedlikehaldsavdelinga
Med helsing

Øyvind Søvik
vedlikehaldssjef

- Kvinnherad kommune må ha gjeve byggjeløyve til oppføring av eit bustadhus på gnr. 8 bnr. 25, utan at avkjørsleløyve er gjeve i samsvar med vedtaket til frådelinga av bustadtomtene på eigedomen.



Vi ber om tilbakemelding på dette spørsmålet.

Statens vegvesen ynskjer at dei ovanforne spørsmåla vert svara på før vi handsamar søknaden om utvida bruk av den nye (ikkje godkjende?) avkjørsla. Statens vegvesen kan gje førehandstilsegn til utvida bruk av den omsøkte avkjørsla under føresetnad at avkjørsla ved låa vert fysisk stengd (godkjend av Statens vegvesen) før det vert gjev byggjeløyve på gnr. 8 bnr. 26. Krava i frådelings-saka gjeld i alle fall og må gjennomførast for heimelshavar av gnr. 8 bnr. 5 si rekning.

Ber om tilbakemelding.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL
O Jacobsen Trelast AS

Kopi
Randi Dahle, Ølvesvegen 541, 5637 ØLVE
Rune Dahle, Ølvesvegen, 5637 ØLVE